

## **PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF**

**STAD:** Solstrand fjordhotel  
**MØTETIDSPUNKT:** 04.10.2016 KL. 15:30 – 18:30

**Styremøte var ope for publikum og presse**

---

### **DELTAKARAR FRÅ STYRET**

Maria Borch Helsingreen	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Jon Bolstad	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Bente Mari Rolfsnes	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem

### **FORFALL FRA STYRET**

Ingen forfall

### **DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Ola Rye	Kst. Adm. Dir
Berit Berntsen	HR og organisasjonssjef (referent)

**SAKLISTE**

- Sak 045/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden  
Sak 046/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 30.08.2016  
Sak 047/16 Administrerande direktør si orientering  
Sak 048/16 Oppnemning av medlemmer til valstyre for Sjukehusapoteka Vest HF 2017/ 2018  
Sak 049/16 Risikovurdering Sjukehusapoteka Vest per 2. tertial 2016  
Sak 050/16 Årsplan for Styret 2017  
Sak 051/16 Brukarundersøking 2016  
Sak 052/16 Lukka legemiddelsløyfe og produksjon av eindose

**UNDERLAG**

- Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt.

Saker til orientering:

- Sak 053/16 Eventuelt  
Skriv og meldingar

**Lukka del**

Sak 054 /16 vert handsama i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

- Sak 054 /16 Verksemdsrapport Sjukehusapoteka Vest per august 2016  
Vedlagt

## OPE DEL

### Sak 045/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

#### Oppsummering

Innkalling og dagsorden blei gått igjennom.

Ingen saker meld til eventuelt.

Styret handsama og sak 05516 lønnsregulering administrerende direktør.

#### Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente innkalling og dagsorden med sak om lønnsregulering for administrerende direktør.

### Sak 046/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 30.08.2016

#### Oppsummering

Styret hadde følgjande merknad til protokoll frå styremøte 30.08.2016.

Sak 037 /16: Tekst som vert lagt til under vedtak; Styret etterspør intervju eller annan forankring med sjukehusa som del av prosjekt utredning nasjonalt sjukehusapotekføretak.

#### Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner og underteiknar protokollen frå styremøte 30. 08. 2016 med merknad som framkom i møtet.

### Sak 047/16 Administrerende direktør si orientering

#### Oppsummering

##### 1. Rapportering tilsynssaker

\*munnleg orientering om tilsyn produksjonsavdeling i Stavanger

##### 2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

\*Ingen saker

##### 3. Oversikt over aktuelle høyringar

\*notat ligg ved

#### **4. Status utredning organisering sjuehusapotekføretak**

\*munnleg orientering

##### **Vedtak (samrøystes)**

Styret i Sjukehusapoteka Vest tek orienteringa til vitande.

Styret oppmodar om at sjuehusa får sak om utredning nasjonalt sjuehusapotekføretak på til uttale som ein del av del av vidare sakshandsaming.

#### **Sak 048/16 Oppnemning av medlemmer til valstyre for Sjukehusapoteka Vest HF 2017/ 2018**

##### **Oppsummering**

Dei tilsette i Sjukehusapoteka Vest har i samsvar med helseføretakslova og føretaket sine vedtekter 3 av i alt 9 medlemmer. Ved val av nye medlemmer er valdato sett til 14.02.2017. Det vert etablert valstyre som har i oppgåve å gjennomføre valet i samsvar med lov og forskrift. I samsvar med forskrift til helseføretakslova blir det gjennom denne saka oppnemnd representantar til valstyret.

Sjukehusapoteka Vest har 3 arbeidstakarorganisasjonar med rettigheter i høve til Hovudavtala. Dei har historisk i fellesskap nominert to representantar til valstyret. Arbeidstakars representant vart utnemnt i leiarmøte 15.09.2016.

##### **Vedtak (samrøystes)**

Styret i Sjukehusapoteka Vest utnemner valstyre bestående av:

Linda Baug Tjore, (leiar / tilsettere representant frå FF/Parat)  
Marit Ceselie Svendsen (nestleiar/ tilsettere representant frå NFF)  
Berit Berntsen (arbeidsgjevarrepresentant, HR og org. sjef)

Valet koordinerast med tilsvarande val i Helse Vest i tråd med førebels framdriftsplan sjå vedlegg.

#### **Sak 049 /16 Risikovurdering Sjukehusapoteka Vest per 2. tertial 2016**

##### **Oppsummering**

Tiltak for å nå mål og styre risikoområde er lagt inn som ein del av ordinær handlingsplan for verksemda i SAV. Målet er å styre mot ein jamn risikoreduksjon gjennom dagleg drift.

##### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tek risikovurdering per 2. tertial 2016 til etterretning.

## Sak 050 /16 Årsplan for Styret 2017

### Oppsummering

I forslaget til årsplan for styret i Sjukehusapoteka Vest 2017 er det lagt opp til i alt 6 styremøter. I første styremøte for året (februar) har styret tidligere år fått førelagt forslag til årsmelding og årsregnskap med notar. No legg ein i staden opp til å presentere årsresultat for 2016 i dette møtet. Styret får endeleg Årsmelding og Årsregnskap til handsaming i styremøte i mars.

Det er lagt opp til to styreseminar, det fyrste i februar i samband med eventuell prosess for etablering av nasjonalt sjukehusapotekføretak og i oktober i samband med styreseminar i Helse Vest.

Sidan tal styremøte er redusert samanlikna med tidligare år foreslær ein å gjennomføre fysiske møter.

Styret hadde følgjande merknader:

- 22. februar er det styremøte i Helse Stavanger og Helse Bergen.
- 29. mars kan haldast i Førde
- 31. mai møte kanskje flyttes når dato for alternativ aktivitet er avklart

### Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek årsplan for styret i Sjukehusapoteka Vest 2017 med endringar i møtedatoar første halvår. Administrasjonen utarbeider oppdatert plan.

## Sak 051/16 Brukarundersøking 2016

### Oppsummering

I perioden 22.08.16 – 27.08.16 gjennomførte SAV brukarundersøking i publikumsavdelingane. Det kom inn til saman 740 svar. Resultata er stort sett gode. Kundane er både tilsette ved sjukehuset og andre. Storparten seier at *Kjøpe medisin med eller utan resept* er grunn til besøk på apoteket. Fleirtalet svarer at servicen er særst bra, og at dei fekk det dei kom for. Av forbetringpunkt er det ventetid, opningstid men òg skilting som gir utslag. SAV seier seg nøgd med respons på og resultat frå undersøkinga og vil følgje opp aktuelle tiltak i publikumsavdelingane. Resultata er publisert på inter- og intranettsidene til SAV.

### Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til vitande og ber administrasjonen om å følgje opp relevante tiltak.

**Sak 052/16      Lukka legemiddelsløyfe og produksjon av eindose****Oppsummering**

Lukka legemiddelsløyfe (LLS) er eit av fleire overordna mål for anskaffinga gjennom KULE-prosjektet. Anskaffinga legg til grunn ei løysing som integrerer kurveløysing med legemiddellogistikk; lagerstyring og bestilling av legemiddel for sjukehusavdelingane. KULE-prosjektet har tidfesta ferdigstilling av løysingar for elektronisk kurve og legemiddellogistikk. Metodikk for elektronisk bekrefting av pasient-ID og legemiddel som delast ut til pasient er så langt ikkje bestemt. Identifiserbare eindosepakka legemiddel er ein føresetnad for at viktige mål i KULE-prosjektet skal bli nådd. I samband med nytt sjukehus i Stavanger har problemstillinga blitt ytterlegare aktualisert.

SAV ynskjer å kunne tilby sjukehusa dei legemiddel som sjukehusa og regionen til ein kvar tid har behov for. SAV set difor i verk arbeid med å kartleggje og vurdere behov for eventuell lokal/regional løysing for pakking og levering av eindosepakka legemiddel i region vest.

**Vedtak (samrøystes)**

Styret tek saka til orientering og ber administrasjonen melde saka inn til Helse Vest RHF.

**Sak 053/16      Eventuelt  
Skriv og meldinga**

Ingen sakar meld.

**LUKKA DEL****054 /16      Verksemdsrapport Sjukehusapoteka Vest per august 2016****Oppsummering**

Rapport frå verksemda per august 2016 vart gått gjennom.

**Vedtak (samrøystes)**

Styret tok rapportering frå verksemda per august 2016 til etterretning.

**055 /16      Regulering løn Administrerende Direktør 2016****Oppsummering**

Saka vart diskutert.

**Vedtak (samrøystes)**

Administrerende direktør si løn blir regulert opp med 9,3 % med verknad frå 1. januar 2016.

Ref. Berit Berntsen  
04.10.2016

Maria Borch Helsingreen	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Jon Bolstad	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Bente Mari Rolfsnes	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem